



Møtebok

Arbeidutvalet i Villreinnemnda for Setesdalområdet

Telefonmøte

05. januar 2017, kl.18.00-19.30

Faste medlemmar til stades:

Tommy Vatslid	Nestleiar	Bykle
Margit Smeland	Leiar	Åmli
Torbjørn Fjermestad	Arbeidsutval	Gjesdal
Mona Riis	Arbeidsutval	Kviteseid

Faste medlemmar ikkje til stades:

Lill Synnøve Laugaland	Arbeidsutval	Hjelmeland
------------------------	--------------	------------

Varamedlem til stades:

Anne Tove Sandal Teiganes	1.vara, au	Odda
---------------------------	------------	------

Frå administrasjon:

Jarle Lunde

Merknad:

Mona Riis var med på første del av møte og handsama sak 2, samt 3.4a

Sand 09.01.2017

Jarle Lunde
Sekretær

Sakliste

Sak 01/17 Uttale: Forslag til forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde, Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat i Bykle kommune

Sak 02/17: Merknad til planprogram E134 Vågsli – Seljestad

Sak 03/17: Referatsaker/Eventuelt

- Konesjon til Støydalen kraftverk, Nissedal kommune
- Storå kraftverk: Klage tatt til følge
- Felling i 2016
- Bjørnevattn
- Prosjekt/økonomi/budsjett
- Neste møte i Au
- Neste møte i nemda



Sak 1/17

Uttale: Forslag til forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde, Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat i Bykle kommune

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	05.01.17	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

- [Høringsbrev](#)
- [Forslag til forvaltningsplan for verneområda ved Hovden](#)

Saka

Verneområdestyret har sendt ut forslag til forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde, Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat ut på lokal og sentral høring. Det er ikkje tidligare laga forvaltningsplan for områda.

SVR ber om kommentarar og innspel på mellom anna følgjande tema:

- Faktafeil, feil namnbruk m.v.
- Tema som ikkje er tilstrekkeleg omtalt i forvaltningsplanen
- Konkrete innspel på planen sine framlegg til forvaltningsmål, retningslinjer og tiltak

Kvifor forvaltningsplan?


«Ein forvaltningsplan skal være eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneføremål og verneverdiar. Samstundes skal den bidra til å sikre ei heilskapleg forvaltning ved å gje konkrete retningslinjer for praktisering av verneføreskriftene, samt å avklare kva som kan tillatast av verksemd og tiltak. Forvaltningsplanen må utarbeidast innanfor rammene av verneføreskriftene. Planen vil og bli eit nyttig og praktisk arbeidsverktøy for forvaltningsstyresmakta i den daglege sakshandsaminga. For grunneigarar, rettshavarar og andre brukarinteresser i området vil forvaltningsplanen kunne bidra til ei meir forutsigbar forvaltning, og fungere som eit oppslagsverk når dei planlegg tiltak i verneområda» (frå høyringsbrev).

Kort om områda

«Hovden landskapsvernområde, Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat ligg i Bykle kommune, på aust- og vestsida av Rv 9 nord for Hovden sentrum. Landskapsvernområde som vernetype er forklara som natur- eller kulturlandskap med stor økologisk og kulturell verdi, samt

opplevingsverdi. Naturreservat er den strengaste form for områdevern etter naturmangfaldloven og inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur. Vernet av dei tre områda på Hovden blei realisert i tidsromet 1982-1986. Dei viktigaste verneverdiane frå verneforskriftene er eineståande landskap, og viktige myr- og våtmarksområder.

I dag er det ein del aktivitet i områda. Eit nettverk av skiløyper og stiar, samt alpinbakke og jakt trekk mange folk ut i naturen, både lokale og «hyttefolk». Dei tre verneområda er derfor viktige i samband med reiselivet, samtidig som ein skal ta vare på verneformåla (frå [Forslag til forvaltingsplan for verneområda ved Hovden](#), side 4).



Villreinnemnda og villreinen

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villrein og villreinen sine leveområde.

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge teke på seg ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag utgjer villreinen i Norge siste rest av denne arten i Europa, og stammen i Setesdal

Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er den sørlegaste førekomsten. Desse heiområda utgjer dermed dei sørlegaste fjellområda i Europa med intakte høgfjellssystem som inkluderer villrein.

Vurdering

Forvaltingsansvaret for Hovden landskapsvernområde, Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat vart hausten 2015 overført til verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR). SVR skal ha ros for at arbeidet med å få ein felles samordna forvaltningsplan for dei tre verneområda er kome raskt i gong.

Forvaltningsplan vs forskrift

Det er utarbeida overordna forvaltningsmål for dei tre verneområda (kap 2.6.1). I målsetting 3 kjem det klart fram at ein skal sikre villreinen sitt leveområde gjennom ein forvaltningspraksis som tek særleg omsyn til viktige beiteområder, trekkvegar og kalvingsområde. Målet er at villreinen kan ta i bruk alle delar av verneområda som ein del av artens sitt naturlege leveområde.

Det er bra og riktig at villreinen blir prioritert høgt i forvaltningsplanen. Diverre er det her eit misforhold mellom forskrift og forvaltningsplan. Forskrifta for Lislevatn naturreservat er frå 1982, mens den er frå 1986 i dei to andre verneområda. Sidan den gong har fokus på villreinen endra seg, og område har blitt del av nasjonalt villreinområde. Då ein forvaltningsplan er eit rådgjevande dokument som ikkje er juridisk bindande, er det difor naudsynt og naturleg at SVR følger opp dette og jobbar for å få endra forskrifta slik at den er i tråd med dagens kunnskap og forvaltningsmål.

Anna

Som tidligare nemnt har villreinen ein sentral plass i forvaltningsplanen. «Av dei store pattedyra er villrein å sjå i alle dei tre verneområda» (s.14). «Villreinen har heilårsbeite og trekkområde i Hovden landskapsvernområde» (s.17). Dei tre verneområda utgjer ein mindre del av villreinen sitt leveområde. Det saknast ein omtale av villrein og villreinforvaltninga som går ut over dei tre verneområda. I ein slik samanheng bør ein få med at verneområda inngår i «Nasjonalt villreinområde» og at Heiplanen er eit sentralt dokument for å sjå heilhetleg på forvaltninga av villreinen.

Det blir vist til at det i verneområde har heilårsbeite og trekkområde for villrein. Særleg viktige trekkområde kan med fordel visast med kart.

På side 14 i kapittel «Historisk bruk og kulturminne» kan ein lese: «Det har i fleire år vore så mykje samanblanding av dyr frå Vestheia og Austheia at det no er planar om å slå saman dei to villreinområda». Sakshandsamar kjenner ikkje til at dette er tilfelle. Villreinområda er og blir forvalta som to villreinområde.

Framlegg til uttale:

Villreinnemnda har følgjande merknadar til planforslaget:

- SVR skal ha ros for at arbeidet med å få ein felles samordna forvaltningsplan for dei tre verneområda er kome raskt i gong.

- Villreinnemnda syns det er bra og riktig at villreinen blir prioritert høgt i forvaltningsplanen
- SVR må i gangsette eit arbeid med å endre forskrifta slik at den er i tråd med dagens kunnskap og forvaltningsmål når det gjeld villrein
- Dei tre verneområda utgjer ein mindre del av villreinen sitt leveområde. Det saknast ein omtale av villrein og villreinformaltinga som går ut over dei tre verneområda.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemnda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Villreinnemnda har følgjande merknadar til planforslaget:

- SVR skal ha ros for at arbeidet med å få ein felles samordna forvaltningsplan for dei tre verneområda er kome raskt i gong.
- Villreinnemnda syns det er bra og riktig at villreinen blir prioritert høgt i forvaltningsplanen
- SVR må i gangsette eit arbeid med å endre forskrifta slik at den er i tråd med dagens kunnskap og forvaltningsmål når det gjeld villrein
- Dei tre verneområda utgjer ein mindre del av villreinen sitt leveområde. Det saknast ein omtale av villrein og villreinformaltinga som går ut over dei tre verneområda.



Sak 2/17

Merknad til planprogram E134 Vågsli – Seljestad

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	05.01.17	Jarle Lunde

Villreinnemnda har mottatt varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram.

Bakgrunnsdokument

- [Planprogram for E134 Vågsli – Seljestad på høyring](#)
- [Statens vegvesen: E134 Vågsli – Seljestad \(prosjektside\)](#)

I samarbeid med sekretær for Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, er det utarbeida eit felles høyringsforslag (vedlegg). Villreinsenteret på Skinnarbu, Statens naturoppsyn med fleire har gitt faglege innspel.

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet godkjenner høyringsuttalen slik den blir framlagt. Høyringsuttalen sendes til Statens vegvesen innan høyringsfristen 08.01.17.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemnda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidsutvalet godkjenner høyringsuttalen slik den blir framlagt. Høyringsuttalen sendes til Statens vegvesen innan høyringsfristen 08.01.17.



Til
Statens vegvesen

Merknad til planprogram E134 Vågsli – Seljestad

Saksnummer 16/74696

05.01.2016

Sakshandsamar Jarle Lunde og Martine Hamnes

Villreinnemnda for Setesdalområdet og Villreinnemnda for Hardangervidda har mottatt varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram. Me har utarbeida ein felles uttale.

Det er først og fremst høyring av planprogram til KU for deponi som er på høyring. Saka er så viktig for villreininteressene at me og kjem med merknadar til planarbeid og veglinje.

Saka

Statens vegvesen varslar oppstart av arbeid med reguleringsplan og høyring av planprogram til KU for deponi, jf. plan- og bygningslova §§ 12–8 og 12-9. Tiltakshavar er Statens vegvesen og planmyndigheiter er Vinje og Odda kommune.


Planen omfattar ny E134 frå Vågsli i Vinje til Seljestad i Odda og skal fastleggje plassering og utforming av framtidig veganlegg, samt sikre areal til gjennomføring av prosjektet. Det er vurdert at det er naudsynt å gjere ei konsekvensutgreiing som del av planarbeidet.

Føremålet med prosjektet er å styrke E134 som ein av hovudvegsambanda mellom aust- og vestlandet og løyse utfordringane knytt til vegen i dag. Kommunedelplan og konsekvensutgreiing var klart i 2008. Ei viktig endring i den vidare planlegginga no er krav om to løp for lang tunnel og at det er lagt til ein ny tunnel forbi Haukeliseter. Dei nye tunnelane fører til eit større masseoverskot i prosjektet enn det som låg til grunn for kommunedelplanarbeidet.


Villreinnemnda for Setesdalsområdet
v/ Jarle Lunde, Suldal kommune
Sandsvegen 122, 4230 SAND
jarle.lunde@suldal.kommune.no
Tlf. 52792435

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
v/Martine Hamnes, Nore og Uvdal kommune
Sentrum 16, 3630 Rødberg.
martine.hamnes@noreuvdal.no
Tlf: 92036184

Jfr Planprogrammet ligg trasévalet frå kommunedelplanen fast, og sjølve veglinja er tilstrekkeleg utgreidd.



Illustrasjon av høgdeskilnad på eksisterande trase og ny trase



Vurdering planarbeid

Generelt

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Villreinnemnda uttalar seg berre til Parsell 1: Vågsli – Liamyrane. Planområdet omfattar viktige trekkveggar og leveområde for villrein.

Internasjonalt ansvar

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandene av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

I St.meld. nr.26 (2006 – 2007) blir det slått fast at sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Dette skal bl.a. skje ved å opprette ”Nasjonale villreinområder”.

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene, Setesdal Austhei og Hardangervidda er tre av ti villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde. Områda vil også inngå i Europeisk villreinregion sør.

Dei regionale planane

Haukelivegen E134 og medfølgjande menneskeleg ferdsel utgjer i dag eit vandringshinder og barriere for utveksling av dyr mellom dei tre villreinområda Setesdal Austhei, Setesdal Ryfylke og Hardangervidda.

Planområdet ligg i nasjonalt villreinområde. I denne hensynssona skal villreinen sine interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling.

I regional plan for Hardangervidda og i Heiplanen (Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei) er det angitt trekkområde over E134. Det er eit ønskje å auke utvekslinga mellom dei tre populasjonane. Formålet er sikring av beitetilgang, men og genetisk utveksling.

Når det gjeld Hensynssone trekkområder står det å lesa i Heiplanen:

Ved evt. planer om utviding, opprusting, omlegging eller endring av åpningstider mm av eksisterende veganlegg, skal det legges vekt på å bedre situasjonen for villreinens trekk gjennom tunnelløsninger, andre tekniske løsninger, merking, informasjon, brøyterutiner og andre tiltak. Tiltak som kan forverre villreinens trekk tillates ikke.

Status for trekk og utveksling

Forsking med hjelp av GPS-data frå heile Norge har vist tydelege resultat som viser at villrein unngår veg og vegen sitt nærrområde. Dette gjeld mellom anna E134 over Haukelifjell.

Sjølvs sporadiske utvekslingar av dyr kan i eit lengre tidsperspektiv vere svært viktig. Korridorane er svært viktige dersom utveksling skal kunne finne sted i framtida.

For å finne holdepunkt og få kunnskap om reinen sine vandringar i dei opphavelige villreinfjella, er det skaffa til veie omfattande historisk kunnskap om gamle fangssystem.

«Det er ikke tvil om at dyregravene er plassert i og ved de store trekkveiene mellom sommer- og vinterbeitene. De som en gang anla dyregravene, må ha visst at det var verdt strevet – de må ha regnet med årvisst fangst. Dyregravene (og drivfangstanleggene) er mange steder håndfaste bevis for at reinen fortsatt trekker langs eldgamle tråkk, men kan også tydelig vise hvordan økt ferdsel, turisme og flere andre årsaker, har ført til at reinen har endret adferd i senere tid» (Strand et al 2005).

Det er lite kunnskap om korleis trekkmønsteret var her i tidlige tider, men det finst dokumentasjon på to dyregraver og ledegjerde ved Ståvatn om lag ein km vest for Haukeliseter. Disse er neddemt og ligg i same området som Heiplanen har angitt som ein trekkorridor.



Dei to lokalitetane med dyregraver (rød ring) ved Ståvatn (kjelde: Askeladden.ra.no).



Villrein unngår veg og vegen sitt nærområde. Kartet viser områda rundt E134 over Haukeli med samtlige GPS-data henta frå samla inn på Hardangervidda (mars 2000 t.o.m. mai 2014, grønne sirklar), Setesdal vesthei (mars 2007 t.o.m. mai 2014, gule sirklar), og Setesdal Ryfylke (mars 2007 t.o.m. mai 2014, røde sirklar). Henta frå NINA rapport «Veger og villrein», side 52.

I samband med revisjon av Vinje-Tokke utbygginga blei det laga ein villreinfagleg rapport (Naturrestaureringsrapport nr: 2015-12-01). I den samanheng var det eit møte med lokalkjende. I rapporten kjem det mellom anna fram:

- Trekk mellom SR og HV kan starte rett før jul og kan vare heile vinteren. Det er stor variasjon frå år til år
- Seinast året før (2014) stanga reinen mot vegen/forstyringa i området før jul, men trakk til slutt over seinare på vinteren ved Svandalsflåna-tunnelen (over 100 dyr).
- Tendensen er at slike flokkar trekker tilbake før kalving
- Erfaringar frå brøytemannskapet på E134 er at det har skjedd jamleg trekk over vegen i alle år
- Mye tyder på at forhold med ising og dårlege beiteforhold vinterstid er utløysande for at rein frå SR trekker over til HV.
- Med dagens bestand på Hardangervidda (10-11 000) er det lite som tyder på at reinen i HV viser tendensar til å trekke over i naboombåda.

NINA rapport «Veger og villrein» (Strand m.fl. 2015. Rapp. 1121) beskriv i hovudsak overvakinga ved RV7 over Hardangervidda, men og generelle forhold omkring problemstillinga med døme frå andre stadar i landet.

- GPS-data fra radiomerka reinsdyr vise at både veger og større turisthytter og hoteller reduserer sannsynligheten for at reinsdyr bruker de gamle trekkrutene. I følge disse beregningene vil en turisthytte innenfor en radius på en kilometer fra en gammel trekkorridor medføre at denne går helt ut av bruk. Mens en veg innenfor samme avstand medfører en reduksjon i sannsynligheten for at reinsdyra bruker denne trekkorridoren med 46 %.
- I modeller som omfatter alle villreinområder hvor det har vært samlet inn GPS-data var offentlig veg den mest dominerende antropogene faktoren i samtlige modeller (Panzacchi–Van Moorter 2015). Den negative effekten av offentlig veg var signifikant innenfor en radius på 10 kilometer under kalvinga og om sommeren og 15 kilometer om vinteren.

Det er feil å si at det er vegen aleine som gjer at villrein unngår vegen sitt nærområde. All den menneskelige ferdselen som vegen fører med seg er nok hovudproblemet.

Vest for Haukelitunnelen er det området der det er minst aktivitet knyt til menneskeleg ferdsel. Jfr GPS kartet er det dokumentert at tunelltaket på Dyrskartunnelen har vore nytta som trekkveg. Strand m.fl. (NINA Rapp. 1121, 2015) meiner likevel at «Landskapsmessig og topografisk sett er dette framfor alt eit område som er aktuelt som utviklingsområde for bukk sommerstid».

I Vågsli har det vore ei storstilt utbygging av hyttefelt og alpinanlegg som medfører stor aktivitet. Med det regulerte Kjelavatnet i tillegg framstår området i dag som «*sterkt verdiforringa trekkområde for villrein. Mulighetene for eventuelt å lette reinens trekkmuligheter mellom Hardangervidda og Setesdalsheiene synes i dag å vere størst lenger vest og i områdene rundt og vest for Haukeliseter*» (NINA Rapp. 1121, 2015). Vågsli synes altså å vere i lite bruk som trekkområde, men ikkje utgått: Ein villreinflokk skal ha passert taket på Vågslitunnelen for få år sidan (Statens naturoppsyn).

I Haukeliseterområdet er det fleire trekkvegar, og som nemnt over er det og registrert dyregraver som indikerer eit gammalt trekkmonster. I eit belastningsperspektiv er det samla mykje ferdsel i særst rundt Haukeliseter fjellstue. Dette er blant anna i samband med tur- og skiløyper, kiting og toppturskiløping. Ståvatn (13 meter regulering) blir tappa ned tidleg på vinteren, og vil truleg med sin moderate størrelse ikkje vere ein større barriere for villreinen.

Konsekvensar av nye planlagde trasèar og tunnelar

I praksis blir Haukelitunnelen «forlenga» slik at me får ein lang tunnel frå Ulevåvatnet til Valldalen. Dette vil gi større moglegheit for villreinen å beite i område, samt å vandre mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda utan større forstyrningar. Dette krev at noverande veg ikkje blir brøytta og at vegstasjonen på Midtlæger ikkje blir nytta/lagt ned.

Strand m.fl. (2015) omtalar denne vestlege sida av Haukelifjell som mest nytta av bukkar og er eit aktuelt utviklingsområde for bukk i sommarsesongen. Ovanfor er det omtalt at alle typar villrein er observert i område om vinteren, men i mindre omfang.

Frå naturen si side er det områda rundt Ståvatn som er mest egna for villrein. Her på austsida av vasskille er det mindre snø og betre beiteforhold. Det er planlagt ein ny tunell frå om lag Haukeliseter mot Ulevå. Me kjenner ikkje detaljplanane her, men det er grunn til å tru at denne tunnelen vil kunne gi ein veglaus strekning på omlag 3 km langs Ståvatn som

samanfalle med eit villreintrekk oppgitt i Heiplanen (sjå kart). Spørsmålet då blir om denne strekninga blir lang nok for at tunneltaket vil kunne fungere som ein trekkorridor? Jfr resultata frå GPS-data frå radiomerka villrein, referert til ovanfor, er det lite som tyder på det. I tillegg til ein sterkt trafikkert veg på begge sider, ligg Haukeliseter med sin aktivitet i sør-aust. Forskningsresultat tilseier at villreinen vil unngå slike stader.

Frå Haukeliseter til Vågsli blir det mindre endringar i vegtraseèn. Forholda blir då lite endra i dette området i høve til i dag. Generelt vil vegen bli ein større barriere for villreinen enn i dag, dette fordi trafikk og ferdsel vil auke.

Konklusjon

Slik villreinnemnda ser det vil det heilt klart vere det beste med ein lang tunnel mellom Valldalen til Vågsli. Berre dette vil kunne redusere ferdsel på Haukelifjell på ein slik måte at område igjen kan bli eit godt beite og trekkområde mellom dei nasjonale villreinområda sør og nord for E134. Sekundært må ein sjå på tunnelloysingar som gjer at området ved Ståvatn kan oppfattast å vere ein mindre barriere for villreinen.

Vurdering deponiområde

Planprogrammet slår fast at **Dyrskar** og **Middyrdaalen** ikkje blir vurdert vidare som deponiområde. Områda er viktige trekkorridorar for villrein i høgjellet.



Trekkområder (skravert) for utveksling mellom villreinområder, og forslag til moglege deponiområde (blå ring).

Område som etter planprogrammet skal konsekvensutgreiast som moglege deponiområde (frå vest mot aust) og størrelse:

Liamyrane	5-6 mill m ³	
Fentedokki	28 daa 360 000 m ³	Villreintrekk
Verstasjonen	35 daa	Villreintrekk

	320 000m ³	
Vågsli nord	30 daa 450 000m ³	Villreintrekk
Vågsli sør	30 daa 450 000 m ³	Villreintrekk

Liamyr er utan konsekvens utifrå villreininteressar og vil difor vere å føretrekkje. Generelt for dei andre områda gjeld

- Alle deponi ligg nær veg og medfører ikkje meir ferdsel etter anleggsperioden.
- Haukelifjell er eit vinterbeite og trekkområde. Deponi har difor liten påverknad i seg sjølv.
- Deponia vil kunne vere konfliktfylte i anleggsperioden. Villreinen vil truleg helda seg borte og vil måtte finne seg andre område dersom ising i vinterbeiteområde tving dei til det.

Områda ved Vågsli blir vurdert som sterkt verdiforringa trekkområde for villrein pga av utbygginga av hytter, alpinanlegg og stor ferdsel i området. Truleg er den nordvestlege delen av trekkområde (Vågsli nord) den minst verdiforringa av desse. Fentadokki og Verstaasjonen ligg i dag meir sentralt i forhold til villreinen sine trekkmoglegheiter mellom Hardangervidda og Setesdal Ryfylke.

Konklusjon

Bortsett frå i anleggsperioden vil deponi truleg gi minimale konsekvensar for villrein. Det er liten grunn til å ikkje konsekvensutgreie dei framlagte alternativ. Pr i dag tilseier kunnskap at dei planlagde deponia lengst inn på fjellet vil vere mest konfliktfylte.

Villreinnemda vil be om at Vegvesenet tidleg i planperioden, vinter 2017, innkallar til eit møte der villreininteressene er tema. Her bør ein i tillegg til forskerar frå NINA, invitere dei på kopilista nedanfor.

Mvh

Margit Smeland
Leiar

Villreinnemda for Setesdalområdet

Endre Lægreid
Leiar

Villreinnemda for Hardangerviddaområdet

Kopi

Miljødirektoratet
Fylkesmannen i Buskerud

Fylkesmannen i Agder
Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Hordaland
Telemark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Setesdal Ryfylke villreinlag
Setesdal Austhei villreinlag
Villreinutvalget for Hardangervidda
FNF Telemark
FNF Hordaland



Sak 3/17

Referatsaker / Eventuelt

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	12.09.16	Jarle Lunde

1. Konsesjon til Støyldalen kraftverk, Nissedal kommune

NVE har gitt konsesjon til å byggje ut Støyldalen kraftverk. Villreinnemnda gav uttale februar 2014:

Områda kring Håtveitåi er ein del av Våmur-Roan villreinområde og vert jamleg nytta av villrein. Særleg gjeld dette vinterstid. Villreinnemnda uttalte at ei realisering av planane sannsynligvis ikkje vil endre på forholda for villreinen, men stilte vilkår om at anleggsverksemd berre burde skje i sommarhalvåret.

NVE har følgd opp dette: Av omsyn til villreinen skal anleggstid kun foregå i sommerhalvåret. Nøyaktig tidsrom skal fastsettast ut frå villreinen sin bruk av området og i samråd med Fylkesmannens miljøvernavdeling/villreinnemnda.

2. Storå kraftverk: Klage tatt til følge

Sira Kvina Kraftselskap søkte 16.01.2016 om dispensasjon for bygging av Storå vasskraftverk i Sirdal kommune. Villreinnemnda gikk imot utbygging, og klagde sidan på Verneområdestyrets vedtak av 24.05.2016 om å tillate bygging.

«Miljødirektoratet tar klagen fra Fylkesmannen og Villreinnemnda til følge. Verneområdestyrets vedtak av 24.05.2016 om å tillate bygging av Storå kraftverk oppheves. Miljødirektoratet mener de omsøkte tiltakene vil medføre vesentlige endringer i landskapets art og karakter og er i strid med verneformålet. Det er ikke hjemmel i naturmangfoldloven § 48 for tiltaket» (Brev frå Miljødirektoratet 15.12.16).

3. Felling i 2016

I Setesdal Ryfylke blei det felt 466 villrein, fellingsprosent 15,9

I Setesdal Austhei blei det felt 167 villrein, fellingsprosent 16,3

I Våmur-Roan blei det felt 60 villrein, fellingsprosent 80

Nærare detaljer finn ein i

hjorteviltregisteret: <http://www.hjorteviltregisteret.no/Villrein/Jaktstatistikk/TildelteOgFelteDyrVillrein>

4. Bjørnevatn

Bakgrunn: Sak 22.4/16 samt artikkel frå Villreinen i 2015 (vedlegg).

Margit Smeland har vore i møte med Miljødirektoratet (MD). Dei er kjent med Bjørnevatnsaka og skjöne villreinnemnda sin uro for utviklinga i området. Det blei drøfta om det kan vere mogleg å løysa inn planlagde tomter i området, men det finst ikkje midlar til dette i direktoratet. Saka må eventuelt løftast opp politisk.

Dei blei foreslått at arbeidsutvalet held eit møte i Valle i vinter, og samstundes ber om eit møte med kommunen om saka.

5. Prosjekt/økonomi/budsjett

Sekretær la fram tankar om to mulige prosjekt:

a) Gjennomgang av alle tilgjengelege kontrollkort (felte dyr) for perioden 2012-2016 og innlegging av vekter i hjorteviltregisteret. På sikt vil dette kunne si noe om kondisjonsutvikling. Sekretær ønskjer at ein ungdom/student kan gjere dette arbeidet.

b) Arbeidet med valdkart må tas opp igjen. Kvaliteten på kart er høyst varierende. Målet må vere å få alla valdkart kvalitetssikra og digitalisert. Dei bør liggje på ein plattform som jegeren kan nytte i felt.

Hjorteviltforskrifta gir nemnda moglegheit for å «kreve at det fremmes ny søknad dersom rettighetsforhold som har betydning for godkjenningen av valdet er uklare. Villreinnemnda kan også kreve at opplysningene som er gitt i søknaden bekreftes eller dokumenteres på nytt». Nemnda bør jobba fram nye kart i tett samarbeid med villreinlaga. Ein bør vurdere å nytta tiltaksmidlar til dette.

Arbeidsutvalet ønskjer at sekretæren jobbar vidare med dette. Samstundes blei det etterlyst eit budsjett for året, der ein kan sjå dette i samheng med andre utgifter. Dei blei foreslått at arbeidsutvalet ser nærare på dette når ein samlast til møte i Valle (jfr punkt 4).

6. Kommande saker

Planprogram for sti og løypeplan, Bykle kommune
Drifteveg frå Heddersvika til Koddestøl, Åseral. Uttale til NVE.

7. Neste møte i nemnda

Vårmøte i nemnda blir 4.-5- april.

Sekretær sjekkar om det er mogleg på Sølvgården hotell i Valle.

Bygger 150 nye hytter i trekkområde for villrein

Tekst: Arne Nyaas

Kommunestyret i Valle i Setesdal har enstemmig vedtatt planprogrammet til kommuneplanen for årene 2014-2026. I planen åpnes det for bygging av inntil 150 nye hytter (fortetting) ved Bjørnevatn. Forskere fra Norsk institutt for naturforskning (NINA) har påvist at dette er et viktig trekkområde for villreinen i Setesdal Austhei.

"Vi har også vist at dyra trekker gjennom denne korridoren to ganger i løpet av året i forbindelse med en tydelig migrasjon mellom vinterbeiter i nord og kalvingsområder og sommerbeiter i sør", skriver forskerne i sluttrapporten fra GPS-merkeprosjektet i årene 2006-2010 (NINA Rapport 694: Villreinenes bruk av Setesdalsheiene).

"Ut fra tilgjengelige data vurderer vi dette fokusområdet å være ved en kritisk grense for hva som tåles av ny utbygging. Vi ser det derfor som viktig at en prøver å beholde den relativt inngrepsfrie korridoren mellom de eksisterende hyttefeltene vest for Bjørnevatn og mellom Bjørnevatn og Vesle Bjørnevatn", er rådet fra villreinforskerne.


Bekymringsmelding

Villreinnemnda for Setesdalsområdet er også sterkt bekymret for den planlagte fortettingen av hyttefeltene ved Bjørnevatn. Nemnda har sendt bekymringsmelding både til Fylkesmannen i Aust-Agder og til Miljødirektoratet.

"I samband med Valle kommune sin revidering av kommuneplanen har villreinnemnda ved fleire høve teke opp problemstillinga knytt til vidare hyttebygging ved området Bjørnevatn i Setesdal Austhei. Villreinnemnda er sterkt uroa for at vidare fortetting og utbygging i området kan føre til at villreinen sitt årstidstrekk mellom nord- og sør-områda vert brote", skriver nemndleder Margit Smeland, som ber Miljødirektoratet om å legge "monaleg vekt på desse tilhøva i vidare handsaming av kommuneplanen for Valle."



Bjørnevatn (merket med rødt på kartet) er et viktig trekkområde for villreinen i Setesdal Austhei. Kartgrunnlag: Google Earth



Kartet er fra NINA Rapport 694 og viser villreinenes vandring mellom kalvings- og sommerområder i sør og vinterbeitene i nord. Planen er at hyttefeltene i dette området skal fortettes med ytterligere 150 hytter.

Status april 2015

Bekymringsmeldingen fra villreinnemnda ble sendt til Miljødirektoratet 15. desember i fjor. Den ble journalført den 20. januar i år og gjort søkbar (offentlig) den 26. januar. Men, noe svar foreligger ennå ikke (16. april).

Ordfører Tarald Myrum i Valle kommenterer saken slik:

"Valle kommune har stor fokus på villreinproblematikken i Bjørnevassområdet. GPS-prosjektet har gitt detaljkunnskap om villreinen sin områdebruk i Setesdal Austhei. Dette stadfester i stor grad tidlegare kjent kunnskap. I tid-

legare kommuneplanar har det vore sett av ei tre kilometer trekksoner for nord-sørtrekket. I denne sona er det stengt for hyttebygging og den vert vidareført. Likevel trekker ein del rein gjennom dei tettaste hyttefeltene som GPS-kartet viser.

Utbyggingsnivået er sterkt redusert frå tidlegare ambisjonar til det nivået som er i forslaget til kommuneplan.

Valle kommune vurderer talet på hytter som forsvarleg. Vidare legg løypeplanen for området opp til kanalisering av ferdsla og det er lagt inn i retningslinene tidspunkt for stenging av løypene med tanke på villreintrekket."